

Riksantikvaren

Dato: 28.01.2015  
Vår ref.: 2014/24561-2  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## Søknad om tilskot under Statsbudsjettet kapittel 1429, post 70 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2015

Me viser til orientering om utlysing av midlar frå Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) av 16.12.2014.

For 2015 søker Hordaland fylkeskommune om midlar til følgjande prosjekt:

Prosjekt	Samarbeid	Kostnad	Omsøkt tilskot
Oppgradering av skjøtsel og tilrettelegging Hæreidsmoen, Eidfjord	Eidfjord kommune, grunneigar, lokale eldsjeler, Landbruksrådgivinga Hordaland, HFK	421.000,-	150.000,-
Skjøtsel og restaurering av Munketreppene, Ullensvang	Munketreppenes vener, HFK	1.985.000,-	400.000,-
Skjøtelsplan, skjøtsel og oppgradering av tilrettelegging Fosnstraumen, Radøy kommune og Austrheim kommune	Austrheim kommune, Radøy kommune, lokale, HFK	220.000,-	110.000,-
Skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne på Rommetveit, Stord	Stord kommune, Statsbygg, Stord Sogelag, HFK	184.050,-	92.050,-
Oppgradering av tilrettelegging Hystadmarka, Stord	Stord kommune, Statsbygg, Stord Sogelag, HFK	361.500,-	180.000,-
Skjøtsel og tilrettelegging av Høybøen, Fjell	Fjell kommune, lokale turlag, grendalag, grunneigar, HFK	65.000,-	10.000,-
		3.236.550,-	942.050,-

I tillegg har Hordaland fylkeskommune i 2015 sett av kr 200.000,- av egne midlar til å følgja opp skjøtselstiltak gjennom BARK.

### **BARK i Hordaland fylkeskommune**

Prioriteringslista for BARK i Hordaland vart vedteken av fylkesutvalet i sak 280/12, 21.11.2012. Som ei oppfølging vart det sett i gong arbeid for å gjera BARK-ordninga meir kjent i kommunane, og oppmoda til fleire søknader frå lokalt forankra prosjekt. Hordaland fylkeskommune har etablert eiga stilling med ansvar for desse oppgåvene og har arbeidd mykje for å styrkje lokal interesse og den politiske forankringa av skjøtsel- og tilretteleggingsarbeidet.

Den 30.10.2014, jf sak PS 248/2014, vedtok fylkesutvalet eigne regionale retningslinjer for søknader om støtte frå BARK. Det er utarbeidd søknadsskjema og ordninga vart formidla gjennom nettsidene til fylkeskommunen på lik linje med andre tilskotsordningar med søknadsfrist 1. desember. Retningslinjene gjer det lettare for kommunar og museum, lag eller organisasjonar å etablere prosjekt og å søke om medverknad frå fylkeskommunen. Administrasjonen i fylkeskommunen hjelper til med planlegging og sørger for at planlagde tiltak er i tråd med omsynet til nasjonale kulturminneinteresser.

I følgje retningslinjene er det Kultur- og ressursutvalet som avgjer kva søknader som skal sendast vidare til Riksantikvaren og prioriterer mellom desse. 21.1.2015 gjorde Kultur- og ressursutvalet samrøystes vedtak i sak PS 8/2015. Alle dei innkomne søknadene for 2015 oppfylte vilkåra i ordninga og utvalet vedtok at alle søknadene skulle vidaresendast til Riksantikvaren med likestilt prioritering. Der det var kome inn fleire søknader frå same kommune var innstillinga at ein skulle leggja vekt på kommunal prioritering. Saksframlegg og protokoll i saka ligg ved.

### **Endra praksis for tildeling av tilskot**

Vår erfaring etter å ha etablert ei regional innretning av tilskotsordninga er at det har ført til sterkt auka interesse for skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne. Etter vår vurdering er det potensiale for ytterlegare styrking av denne interessa.

Den etablerte praksisen for BARK er slik at fylkeskommunane søker om tilskot til konkrete prosjekt og får tildelt midlar frå Riksantikvaren som er øyremerkte til kvart av dei omsøkte prosjekta. I tråd med den styrkinga av lokal eigarskap og interesse, meiner vi at det er grunnlag for at Riksantikvaren vurderer å endre måten tilskot vert fordelt til fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune ber difor Riksantikvaren om å vurdere ei løysing der statlege tilskot vert tildelt fylkeskommunen som ein samla sum. Fordeling til enkeltprosjekt vert då gjort etter politisk handsaming i fylkeskommunen av dei omsøkte tiltaka. Tilskotsforvaltinga i Bark vil dermed bli harmonisert med andre ordningar for tideling av statlege løyvingar, til dømes Bevaringsprogrammet for freda bygg i privat eige. Riksantikvaren vert informert gjennom eigne rapporteringsrutiner.

Hordaland fylkeskommune vil ta initiativ til nærare dialog om dette og vonar det er mogleg å prøve ut endringar frå 2015 som fører til betre lokal forankring og større interesse for skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne.

## Søknader i 2015

For informasjon om søknadene viser me til vedlagte skjema og tilleggsinformasjon om prosjekta. Innkomne søknader til fylkeskommunen er òg lagt ved. Hordaland fylkeskommune ber om at søknadene vert prioritert likestilt, med mindre anna er sagt av kommunen. Stord kommune har sendt to separate søknader, og ber om at søknaden for kulturminne på Rommetveit får prioritet framfor søknaden om Hystadmarka.

Med venleg helsing,

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
Rådgjevar

### Vedlegg:

- Politisk sak
- Vedtak politisk sak
- Søknad Rommetveit – RA skjema
- Søknad Rommetveit – HFK skjema
- Søknad Hæreidsmoen – RA skjema
- Søknad Hæreidsmoen – HFK skjema
- Søknad Fosnstraumen – RA skjema
- Søknad Fosnstraumen – HFK skjema
- Søknad Hystadmarka – RA skjema
- Søknad Hystadmarka – HFK skjema
- Søknad Høybøen – RA skjema
- Søknad Høybøen – HFK skjema
- Søknad Munketreppene – RA skjema
- Søknad Munketreppene – HFK skjema
- Forprosjekt Munketreppene
- Oppdatert prioriteringsliste BARK

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Eva Walderhaug